



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201307468-6	02.06.2017	68649/2017/S11	Anders Røynstrand, 71 28 02 39	05.09.2017

Vestnes kommune - Urdelva kraftverk - fråsegn til høyring av konsesjon

Møre og Romsdal fylkeskommune beklagar sein tilbakemelding i saka. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

Fornybar kraftproduksjon og verdiskaping

Møre og Romsdal fylkeskommune har mål om auka verdiskaping frå fornybar energi, og å sikre forsyning av elektrisk energi gjennom auka lokal produksjon. Dette er hovudoppgåver i satsinga Energiregion Møre. I *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020* er det eit mål at «Møre og Romsdal skal ha ein berekraftig bruk av naturressursane». I vårt handlingsprogram for kompetanse og verdiskaping for 2017, knytt til fylkesplanen, er eit av tiltaka å stimulere til meir produksjon og bruk av fornybar energi, mellom anna vasskraft.

Utbygging av Urdelva vil kunne bidra med kraftproduksjon berekna til 10,7 GWh årleg, tilsvarende årsforbruket til 535 husstandar. I tillegg vil prosjektet gi lokal verdiskaping frå produksjonen og frå bygginga av kraftverket.

Vassforskrifta og Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion

Møre og Romsdal fylkeskommune er etter vassforskrifta myndighet for Møre og Romsdal vassregion. *Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2015-2021* vart vedtatt i desember 2016. Planen fastset miljømål for vassførekomstane i fylket og skal leggast til grunn for regionale organ sine verksemder og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. vassforskrifta § 29, siste ledd. Miljømål og planlagde tiltak må takast med i vurdering av konsesjonssøknadene.

I konsesjonssøknaden står i kap. 2.7 at Vestnes kommune ikkje er inkludert i den første utgåva av forvaltningsplanen for Møre og Romsdal vassregion. Dette er for så vidt riktig, men den nye regionale planen omfattar alle dei 5 vassområda i fylka, inkludert Romsdal vassområde og Vestnes kommune med Tressavassdraget. Dette vassdraget er i den regionale planen vurdert til å ha god økologisk tilstand, med liten/ingen risiko for at miljømålet for vassdraget ikkje blir nådd innan 2021.

Når det gjeld fysiske inngrep i vassdrag generelt er utgangspunktet i vassforskrifta at miljømålet for vassførekomstane skal nåast, jamfør §§ 4-6. På visse vilkår, t.d. stor

samfunnsnytte, opnar § 12 for ny aktivitet eller nye inngrep sjølv om desse medfører nedsett miljøtilstand eller at miljømål ikkje vert nådde. Vurderingane etter § 12 skal sikre at aktivitetar og tiltak er så berekraftige og miljøtilpassa som mogleg.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskommunen har i ein tidleg fase gitt innspel til tiltakshavar/konsulent om kulturminne i prosjektområdet. Vi har ikkje merknadar ut over det som er beskrive i konsesjonssøknaden, men vi presiserer behovet for at vi kan komme inn så tidleg som muleg i detaljplanlegginga for å synfare/ registrere eventuelle kulturminne langs røyrgatetraseen. Det vil då vere ein fordel at utbyggjar/konsulent tek direkte kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Friluftsliv

Vi kjenner ikkje til friluftslivinteresser knytt til Urdelva sitt nærområde, ut over det som er omtalt under brukarinteresser (kap 3.13) i konsesjonssøknaden. Ferdsle frå dalbotnen langs skogsbilvegar og stiar til stølsområda nord for Urdelva vil blir negativt påverka i anleggfasen, medan påverknaden vil vere liten og minkande i driftsfasen ettersom areal langs røyrgatetraseen blir revegetert. Visuelt vil det største inngrepet vere røyrgatetrasé frå området Gamlestølen og inn til inntaksområdet i sidebratt terrenget. Dette vil truleg bli godt synleg frå fjellområda aust og sør for Ådalen.

Opplevingsverdien av Urdelva er avgrensa, då mykje av den planlagt utbygde strekninga ligg vanskeleg tilgjengeleg i botnen av Ådalen, lite synleg frå turstiar i området. Dam/inntak er planlagt plassert nedanfor samløp av elve-/bekkeløpa frå fjellområda ovanfor Ådalen, inkludert Kuskredet, som er meir synlege element i naturopplevinga lokalt.

For akvatisk miljø i Dalselva er det vurdert middels negative konsekvensar av redusert vassføring, med vanskelegare oppvandringsforhold, på ei ca. 400 m lang strekning frå samløpet med Urdelva og ned til utløp av kraftstasjonen. Av omsyn til fiske i Dalselva saknar vi ei vurdering av alternative plasseringar av kraftstasjon.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje større merknader til beskrivingar og konsekvensvurderingar i konsesjonssøknaden. Vi saknar likevel ei vurdering av alternative plasseringar av kraftstasjon for å redusere moglege ulemper for fiske i Dalselva.

Samla sett vil bygging av Urdelva kraftverk kunne bidra med fornybar kraftproduksjon utan at vesentlege regionale interesser blir påverka. Dette føreset at detaljplanlegging av utbygginga tek tilstrekkeleg omsyn til freda kulturminne (hólveg) i Ådalen.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røynstrand
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 28 03 29

Kopi:

Vestnes kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal